



Knut Lerhol

Dykkar ref.:

Vår ref.:

LAJMAG-2022004368 -3

Arkiv:

GBNR-62/5

Vår dato:

26.08.2026


Saksnr.	Utval
	Hovudutval for utvikling


Søknad om dispensasjon frå byggegrense mot vassdrag Gnr 62 bnr 5

Saksopplysningar

Vang kommune mottok 09.04.2026 søknad om dispensasjon frå byggegrense mot vassdrag for etablering av tilbygg på 22 m² på ein eksisterande bustad på gnr/bnr 62/5. Dette er ein husmannsplass som vart skilt frå gnr/bnr 62/1 i 1933, men som etter kvart vart kjøpt attende til hovudbruket. Det er no same eigar på både eigedommane der husmannsplassen delvis blir leigd ut som tilleggsnæring til hovudbruket.

For å ta vare på huset og gjera det meir anvendeleg for framtida er det naudsynt å gjennomføre ei renovering og mellom anna bygge på eit soverom. Då tiltaket ligg innanfor 30 meter frå vassdrag med heilårs vassføring er det naudsynt å søkje om dispensasjon frå føresegn 1.5 i kommuneplanens arealdel, då denne seier at det ikkje er tillate med bygge- og anleggstiltak nærare vassdrag enn 30 meter. Kartutsnitta nedanfor syner avstand til vassdrag og plassering av tiltaket.





Vurdering

Plan- og bygningslova kapittel 19 omhandlar dispensasjonar. Dispensasjon inneber at det kan gjevast unntak frå føresegn i lova, tilhøyrande forskrifter og frå vedtekne kommuneplanar og detaljreguleringar. Dispensasjon frå ein plan endrar ikkje planen, men inneber at ein kan fråvike frå planen for det aktuelle tilfellet som søknaden omhandlar. Pbl. § 19-2 fyrste og andre ledd seier fylgjande:

«Kommunen kan gi varig eller midlertidig dispensasjon fra bestemmelser fastsatt i eller i medhold av denne lov. Det kan settes vilkår for dispensasjonen.

Dispensasjon kan ikke gis dersom hensynene bak bestemmelsen det dispenseres fra, eller hensynene i lovens formålsbestemmelse, blir vesentlig tilsidesatt. I tillegg må fordelene ved å gi dispensasjon være klart større enn ulempene etter en samlet vurdering. Det kan ikke dispenseres fra saksbehandlingsregler.»

Fyrste punktum fastsett at kommunen *kan* gje dispensasjon der dette er føremålstenleg etter eit samla fagleg og politisk skjønn. Dette blir kalla «kan-skjønn» eller «kommunens forvaltningsskjønn» og må haldast fråskilt frå «rettsanvendingssskjønn» som går fram av andre ledd, der det går fram dei to kumulative kriteria som må vera oppfylt for at det kan gjevast dispensasjon. Det at dei er kumulative betyr at både kriteria må vera oppfylt for at det *kan* gjevast dispensasjon.

Det blir søkt om eit tiltak som blir vurdert til å vera i samsvar med arealføremålet LNFR, men kommuneplanens arealdel kap 1.5 seier at det ikkje er tillate med byggje- og anleggstiltak nærare vassdrag enn 30 meter. Denne er heimla i plan- og bygningslova § 11-11 nr. 5 som seier «*at det for områder inntil 100 meter langs vassdrag skal være forbudt å sette i verk bestemt angitte bygge- og anleggstiltak. I slikt område kan det også gis bestemmelser for å sikre eller opprettholde kantvegetasjon, og for å sikre allmennhetens tilgang til strandsonen*», og pbl. § 1-8.

I planomtala til kommuneplanens arealdel går det ikkje nærare fram kva som var avgjerande for at det vart sett ei generell sone på 30 meter. I vurderinga som skal gjerast legg ein difor plan- og bygningslova § 1-8 til grunn, og det må då særskilt vurderast om tiltaket vil påverke natur- og kulturmiljø, friluftsliv, landskap eller andre allmenne interesser.

Då bustaden allereie står på staden og i seg sjølv utgjer ein del av kulturmiljøet samen med det gamle geitefjøsset på husmannsplassen, er det ikkje å sjå på som eit nytt tiltak isolert sett. Det i seg sjølv er eit relevant utgangspunkt. Tilbygget som er planlagt blir og oppført i same stil som bygget elles, slik at sjølve kulturmiljøet ikkje vil endre seg. Tilbygget blir og plassert mot vest og dermed parallelt med vassdraget.

Husmannsplassen ligg for seg sjølv og relativt skjult frå omverda. Det ligg inne på ein landbrukseigedom med ein del dyrka mark rundt seg, og det er generelt lite allmenn friluftsliv og ferdsel i området. Husmannsplassen er og lite synleg for dei som ferdast på Vangsmjøsa med båt. Kommunen vurderer det difor til at tiltaket ikkje vil påverke friluftsliv, landskap eller andre allmenne interesser.

Kommunen vurderer det til at omsynet bak føresegnet om byggegrense mot vassdrag ikkje blir sett vesentleg til side. Fordelane ved å restaurere og bygge på eit tilbygg vil gjera bygget meir eigna for utleige og dermed styrke ressursgrunnlaget på garden som tilleggsnæring. Kommunen vurderer det til at det etter ei samla vurdering at fordelane er klart større enn ulempene og at det kan gjevast dispensasjon frå byggegrense mot vassdrag for tilbygg på bustad på gnr/bnr 62/5.

Vedtak

Vang kommune gjev dispensasjon frå byggegrense mot vassdrag for tilbygg på bustad på gnr/bnr 62/5, jf. plan- og bygningslova § 19-2.

Med helsing

Magnus Lajord

Arealplanleggjar

Dir. tlf.: 948 84 972

E-post: Magnus.lajord@vang.kommune.no

Etter rutinane våre er dette dokumentet godkjent og sendt utan underskrift.

Vedlegg

Situasjonskart olastøga	293209	21.08.2026
TegningertilbyggOlastøga	293210	21.08.2026

Vedlegg

Soknad_Tryggleik_naturfare_gnr62_bnr5_VangPM

293211

21.08.2026